Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvås

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestål Gard:

(adresse): Veggja p.o. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege namnet på brynet er brynestein. Dei gamle sa harstein (ein). Hein har ikkje vore brūka her.

2. No er det svært vanleg med karborundumbryne. Før vart alltid natūrstein brūka. Kvar bryna kom frå, er det ikkje nokon tradisjon om.

3. Til vanleg vart allslag reidskap slipt ein gong iblant.

4. Gamle folk tala om tynsleljå (Dei var av jern, ikkje stål). Kvar laurdag laut mannen på garden i smidja og tynna ljåane. Då eg var liten, høyrde eg far nemnde namn på stedet ein brūka til tynninga, men eg har gløymt namnet. Om sigdane og vart tynnte, veit eg ikkje. Slipesteinar kom vel i brūk her for kring 200 år sidan. Men det tok nok lang tid før dei kom på alle gardar.

5. Bestefar min hadde ein stein, ca. 30 cm lang, 10 cm brei og ca. 4 cm tykk. Dei kalla han senna (ei). Denne steinen hadde dei slipt tynsleljåane på. Når dei brūka senna, kalla dei det å slipa eller bryna. Ho vert ikkje brūka no. Slipesteinen stod alltid heime ved hūsa (løda eller stabbūret).

154

6. Nokon tidsfrest for brūken av ljåen mellom kvar sliping finst ikkje. Ymsar frå ein dag til ein halvtime.

7. Dei gamle brūka alltid ljåstikka dei etterpå når dei hadde brynt. Denne stikka var laga av eikebre, allerhelst av eik ein hadde funne i myrar. Det var det beste. Anten straūk ein berre ljåen med stikka etter bryninga, men ofte vart stikka gnidd inn med fin sand, eller med slipegrūt, d: dei fine sandkorna som gnikast lause på slipesteinen når ein sliper og som blanda med jern- og stålspōner vart liggjande på botnen i slipetroa. Ljåstikka var 30-35 cm lang fiskanta og med eit handtak i eine enden. Ho var 5-6 cm brei i breienden og spissa til andre enden. Fig 1. Sume hadde ein krok i ho og hengde ho i livreima, andre sette eit lite hylke av lêr på orvet og feste handtaket inn i övre knaggen, og so heldt dei ho fast med tumen når dei slo. Fig 2.



FIG. 1.


FIG. 3.


FIG. 2.

8. Ljåen vart alltid teken ūt av orvet når ein skal slipa. Sume held eggen mot seg når dei sliper. Andre held eggen frå seg når dei sliper på undersida av ljåen, og mot seg når dei sliper oversida. Dei fleste held vel eggen frå seg når dei sliper på båe sider av ljåen. Fig. 3.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Ein set enden av orvet i marka, så ljåen kjem omlag i högd med oksla. Så held ein i ljåen med venstre handa og tek til å bryna inne ved orvet. Etter kvart som ein bryner utover mot odden, flyttar ein venstre handa etter. Stuttorv brukast ikkje her.

10. Den einaste eg har sett bruka harsteinhus (eit), var bestefar min (född 1826, död 1913). Harsteinhuset var firkanta, ca. 25 cm langt og 7-8 cm breitt, laga av tre og uthola. Eine sida var 6-7 cm lenger enn dei andre, og sövidt eg hugsar, var det her spikra på ei lærstropp så harsteinhuset kunne henga på livreima. Det var litt vatn i harsteinhuset, så brynet alltid var vått.

11. Veit ikkje.

12. Harsteinhuset hadde bestefar hangande midt på baken.

13. Bryne av naturstein brukt ein oftast våta, men av kunststein vert dei ofte brukt turre. Olje vert berre nytta på oljebryne til rakeknivar og fint verkty, eller av fagmenn. Til trebryne, „jästikka" vert nytta sand eller slipegrut som nemnd i svar 7.




„Harsteinhus."



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

14. Veit ikkje.

15. Veit ikkje.

16. Veit ikkje

17. Nei.

18. Det einaste eg har høyrt, er så det mest ikkje er hermande. Ein gut og ei gjente var på ei ut-stølle og slo. Når guten brynte, sa brynet støtt: „Ta fit-ta fatt, ta fit-ta fatt!“ Og når så gjenta skulle bryna, sa det: „Ta'o fort, ta'o fort!“

19. Sume seier „tvi!“ Om det har nokon samanheng med eldre truer, veit eg ikkje.

20. Noko brynevers har eg aldri høyrt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
154